



ULVIK HERAD

RETNINGSLINER FOR ULVIK HERAD SIN KULTURPRIS

Formannskapet skipar til ein kulturpris for Ulvik herad. Formannskapet kan vedta at det einskilde år ikkje skal delast ut pris.

Kulturprisen inneheld ein økonomisk del og eit konkret kunstnarleg symbol. Summen skal takast opp i budsjettetthandsaminga slik at summen vert justert i samsvar med kroneverdien elles. Den kurstnarlege delen av prisen skal fyrst utformast når prisvinnaren er kjend, slik at den kan få eit personleg tilsnitt.

Prisen kan delast ut til einskilspersonar, lag eller andre som har gjort seg fortente til ei utmerking, anten for spesielle tiltak, eller god og trufast innsats over lengre tid. Prisen er meint som ei påskjøning for kulturell innsats, til gode for heile lokalsamfunnet.

Formannskapet kan vedta at det skal delast ut meir enn ein pris, når særskilde tilhøve seier det.

Prisen skal delast ut på 17.mai.

Formannskapet vil oppmoda bygdefolket om å koma med framlegg til kandidatar. Formannskapet peikar ut vinnaren.

Formannskapet vil leggja til grunn ei vid tolking av omgrepene kultur i si vurdering av kandidatane.

Framlegg til kandidatar til Ulvik herad sin kulturpris kan sendast til Ulvik herad innan 15.april.